



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/287 - 18/2408

Saksbehandlar:
Tom Kristian Thorsen
tom.kristian.thorsen@modalen.kommune.no

Dato:
15.11.2018

Standard på fylkesveg 345 og 569 i Modalen kommune

Hordaland fylkeskommune er vegeigar og har ansvar for vegvedlikehald på fylkesvegane i Hordaland.

Visjonen er «Vi utviklar Hordaland» og eit uttalt mål er «å bidra til ei positiv utvikling i Hordaland gjennom ein aktiv og heilskapleg samferdselpolitikk»

Regional transportplan skal vere stryande for arbeidet med fylkesvegnettet. (RTP) Denne har som mål, **«Hordaland skal ha eit trafikksikkert og framcomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet.»**

Modalen kommunestyre kan ikkje akseptere at arbeidet med vegvedlikehald ikkje vert prioritert i kommunen. Modalen kommune er ein del av Hordaland fylke og bidreg i høg grad til verdiskaping regionalt. Vi er storleverandør av nyfornybar energi og mykje av konsesjonsmidlane går inn i Hordaland fylkeskommune sine budsjett. Vi er ein tur og reiselivsdestinasjon for innbyggjarar i Bergen og Nordhordland. Mo er eit kommunesenter som leverer tenester til nabokommunar. Uni Micro AS er ei innovativ it- bedrift med over 30 arbeidsplasser som gjev verdiskaping og kompetansesarbeidsplasser i indre strøk. Vi har eit folketal i vekst og ei ung befolkning, noko som er a -typisk for mange distriktskommunar. Korleis skal vi greie å halde på denne positive trenden? **God infrastruktur er avgjerande for å skape gode lokalsamfunn!**

Vegane i og inn til Modalen er smale og svingete. Det aksepterer vi. Det vi ikkje kan akseptere er at dei seinare åra etter at Hordaland fylkeskommune fekk ansvar for vedlikehald og asfaltering er det knapt kjørbar veg i frå Slottsporten mot Mo til Straume i øvre delen av Modalen.

Modalen kommunestyre kan på vegne av innbyggjarane, og næringslivet i Modalen ikkje leve med at desse vegstrekningane fleire år på rad vert nedprioritert. Den siste meldinga om at vi ikkje kan bli prioritert etter å blitt lovd vedlikehald fleire år på rad, på grunn av høg oljepris er uakseptabel! Dette handlar om heilt naudsynt vedlikehald på vegane. I dag er det trafikkfarleg å kjøre vegen. Skuleborna våre kjører denne

vegen dagleg, bussjåførane klager over krevande arbeidskvardag. Det er vegeigar sitt ansvar å sjå til at det ikkje skjer alvorlege ulukker pga. av dårleg vedlikehald og store slaghol i vegen. Biler blir ødelagte, og mange har punktert. Kjører du motorsyssel eller syssel kan det skje ei alvorleg ulykke. Du må vere lokalkjend for å kjøre nokolunde trygt.



Parti av vegen til Romarheim

Vegen ut til Romarheim mot E-39 er og omkjøringsveg dersom E- 16 er stengt. På Helland ligg Modalen barnehage som tek mot born frå Eksingedalen og Romarheim. Modalstunet bu og opptrening på Øvre - Helland er ein arbeidsplass med høg grad av innpendling og besøkande. Uni Micro er it- bedrift lokalisert på Øvre – Helland. Dette er ei kompetansebedrift som går svært godt. Leiar i verksemda har vore i kontakt med kommunen, for dei er dette eit stort problem. Det gjer det vanskelig å rekruttere arbeidskraft. Dei må ta kundebesøk i Bergen på grunn av vegstandar inn i Modalen. Dette er det motsette av distrikt og arbeidsplassutvikling! Modalen er eit velfungerande samfunn som leverer gode tenester til innbyggjarane og indre strøk av Hordaland, men vi må ha rammevilkår som basis infrastruktur på plass. I Regional

transportplan som er førande for arbeidet med fylkesvegane står det at «**I tillegg er krava til trafikktryggleik skjerpa. Difor er det eit viktige prinsipp i RTP at utbetringar av eksisterande vegnett skal prioriterast framfor nye vegprosjekt, og at det ved utbetringar vert lagt opp til nøktern standard.**»

Vi krev å få klart svar når vegane i Modalen skal prioriterast! Vi vil invitere til eit snarleg møte og synfaring med vegeigar og Statens vegvesen.

Modalen kommunestyre

Med helsing

Tom Kristian Thorsen

Ordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune
Statens Vegvesen, Region Vest

Postboks 7900
Askedalen 14

5020
6863

BERGEN
LEIKANGER